

## Organisasjonsprosessen 2019-2023

Indremisjonsforbundet har ein lang historie, som begynte i det små og som i dag strekkjer seg over store deler av landet vårt, særskilt på Vestlandet. Dei små veneflokkane som bygde bedehus i ei kvar bygd og som samla seg om evangeliet og diakoni var begynnelsen på det som i dag er ein mangfoldig organisasjon som driv med arbeid både på skular, leirstadar, ulike arrangement og anna misjonsarbeid. Det lokale arbeidet i foreiningar og forsamlingar er grunnpilaren i arbeidet.

Spørsmålet blir om vi ser mennesker som kjem til tru gjennom arbeidet vårt? Og ser vi at det blir fleire fellesskap tilslutta organisasjonen vår i dag? Mange stadar blir arbeidet på bedehuset lagt ned, og vi saknar den neste generasjonen i fellesskapa våre. Er grunnpilaren til organisasjonen i ferd med å smuldre opp? Det kan i tilfelle ha mange grunnar, men kva kan vi gjere? Kan vi endre organisasjonen vår på ein slik måte at det gode arbeidet vi har, kan få betydning for dei komande generasjonane også?

### Forandring

«Vi ser en bevegelse av unge og eldre som sammen vokser og modnes som Jesu disipler, former nye fellesskap og forsamlinger, og misjonerer i Norge ved å dele evangeliet i ord og praktisk hverdags-diakoni. Vi ser tusenvis av familier som frimodig deler troen på hjemmebane og når ut til barn og unge i sitt nærmiljø.»

*Frå Imf sin strategiplan 2013*

Kretsane i ImF har gått inn i ein forpliktande prosess saman med ImF for å koma fram til ein mest mogleg tenleg organisasjon og struktur, slik at vi kan nå lengst mogleg med misjonsoppdraget vårt og i større grad realisere ynskjet ovanfor.

Kretsane har satt ned kvar si gruppe som har fått mandat og myndigheit til å representere dei i prosessen. I tillegg har vi satt ned tre utval som skal sjå på dei totale konsekvensane kring økonomien, leirstadane og skulane i organisasjonen.

### Prosesen så langt:

Det er allereie investert mykje tid og ressursar i arbeidet med å kome fram til ein ny struktur som tener oppdraget vårt. Alle kretsane er representert og har jobba særskilt med korleis ein ser det lokale arbeidet i ein større samanheng. Hensikten bak prosessen har vore tydeleg prega av ynskjet om å nå lengst mogleg med misjonsoppdraget vårt, samtidig er det også eit mål om å knytte dei ulike einingane i organisasjonen tettare saman.

I arbeidet med organisasjonen og strukturar ser vi at det er utruleg mykje godt som har vore og blir gjort på mange stadar, og vi er fulle av takksemnd for det som organisasjonen vår har fått bety for den enkelte og for lokalmiljø. Samtidig ser vi også at vi er inne i ei tid som krever at vi endrar oss. Dagens struktur i organisasjonen vår er tung og vi har mange administrasjonskontor i dei ulike kretsane, i tillegg til ImF-sentralt. Ved å endre oss trur vi at vi vil frigjere både kapasitet og økonomi til at vi kan bruke ressursane våre meir direkte inn mot forkynning, relasjonsarbeid, disippelgjering, fellesskapsarbeid m.m.

### To moglege modellar:

I arbeidet som ligg bak har dei ulike gruppene vore samla i læringsfellesskap og gruppesamtalar. Sist vi alle var saman på Gardermoen i september 2022, såg vi at det kan vere to moglege vegar å gå, når det gjeld ny struktur for Indremisjonsforbundet. Under GF for Indremisjonsforbundet på Straume den 5.november 2022 vil dei to modellane bli presentert og det blir lagt opp til gruppesamtale kring desse. For å gi eit lite bilete, som du kan tenke litt på i dagane før GF, presenterer vi her dei to modellane som kretsgruppene i dag jobbar nærare med.


Det er laga til tre videoar som du kan sjå i forkant av GF, om du ynskjer det. Alt du treng å gjere er å klikke på linkane nedanfor.

## [Sjå introduksjonsvideo.](#)

### 1. Nettverksmodellen

I nettverksmodellen er dagens kretsar borte frå organisasjonskartet. Dette trur vi vil vere med på å gjere organisasjonen vår meir lik med korleis venesamfunnet og bevegelsen vår såg ut i begynnelsen. Dei lokale forsamlingane og laga vil i stor grad fortsetje å eksistere på same grunnlag som i dag, men det vil liggje ei tydlegare forventning til at dei enkelte einingane tek medansvar for økonomi og ressursar for fellestiltaka våre.

### [Sjå video om Nettverksmodellen](#)




Vidare vil me byggje arbeidet vårt etter ein relasjonsmodell der lokale einingar i eitt område har meir fellesskap og kontakt, i tillegg til at t.d. forsamlingar, skular og leirstadar er knytt saman i nettverk med andre einingar som ein ser karakteristiske fellestrekk med på tvers av geografiske forhold. Målet er at me skal lyfte blikket og sjå våre kristne sysken i vårt område.

Ein klar fordel med ein slik modell er at ein får færre administrasjonssenter. Med dagens teknologi vil det vere mogleg å styrke ein felles-administrasjon som tek seg av oppgåver som stort sett den enkelte krets tek seg av i dag, t.d. kretsblad, personalansvar, strategiarbeid osv. I tillegg vil det auke vår oppfatning av at vi (ImF) står saman!

### 1. Regionsmodellen

I regionsmodellen vert mesteparten av fellesoppgåvene frå Imf sentralt og kretsane flytta til større regionar. Oppgåvene til Imf-sentralt vil i ein slik modell vere begrensa til andeleg tilsyn, teologi og ressursgrupper inn mot særskilte varslings saker. Nokre fellesoppgåver som går på nasjonalt plan, som innrapportering i forbindelse med søknader og frifondmidlar, samt eit ansikt utad i saker som vedkjem heile organisasjonen er naturleg at blir hjå Imf-sentralt.

### [Sjå video om Regionsmodellen](#)



Også innanfor regionsmodellen ser vi nytte av å etablere nettverk, der t.d. skulane våre har tettare kontakt og samarbeid. Det same gjeld leirstadane, barnehagar, lokale fellesskap m.m. I regionsmodellen ser vi også fordelene med at det blir færre administrasjonsskontor.

## GF 2022

Under årets generalforsamling vil desse modellane bli presentert, med nokre konkrete eksempel, og vi håpar at alle som har innspel til prosessen tek aktivt del i gruppesamtalen etter orienteringen. Innspele vil vi ta med oss vidare i prosessen, som igjen blir tema på ekstraordinær GF i 2023.